



Arkivnr: 2014/1061-1  
Saksbehandlar: Kjell Johan Brun

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		11.02.2014
Fylkesutvalet		19.02.2014

## Nye Voss gymnas - Romprogram

### Samandrag

I samband med handsaming av Skolebruksplan 2012-2025, Del 1; Skolestruktur på Voss og i delar av Bergen vedtok fylkestinget i møte 11.12.12 at fagtilboda på Nye Voss gymnas skal samlokaliseras på Skulehaugen og samstundes dimensjoneringa av fagtilboda. I saka om Skolebruksplanen; Del 2 i mars 2013 vart innføringskurs for minoritetsspråklege dimensjonert ned til 20 elevar.

Linjeval og elevtal ved den nye skolen vert etter dette:

Design og handverk DH – 30 elevar  
Helse og oppvekst HO – 60 elevar  
Idrettsfag ID – 135 elevar  
Musikk/dans/drama MDD – 45 elevar  
Service og samferdsel SS – 30 elevar  
Studiespesialiserande ST – 180 elevar  
Studiespesialiserande med formgiving ST-FO – 45 elevar  
Påbygging PÅ – 45 elevar  
Minoritetsspråklege MIN.SPR. – 20 elevar

Totalt elevtal ved skolen vert om lag 590. I tillegg kjem vaksenopplæring med ca 30 elevplassar. Programmert bruttoareal er 15.132 m2 inkl. idrettshall.

Før skulen er fullt utbygd vil Design og handverk (DH), Helse og oppvekst og påbygging (PÅ) halde fram med undervisning på Voss Husflidskule, Rogne vgs og Voss vgs avd. Vatlé.

Utbygginga på Nye Voss Gymnas skal skje samanhengande og slik at samlokalisering skjer innan 2017/2018.

I økonomiplanen for 2014 til 2017 er det sett av 430 mill. til dette prosjektet.

## Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet, dagsett 09.01.14, vert lagt til grunn for vidare planlegging av Nye Voss gymnas på Skulehaugen

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Stiansen  
Fylkesdirektør økonomi

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Vedlegg 1- Funksjonsprogram
- 2 Vedlegg 2 - Arealskjema ombygging og nybygg
- 3 Vedlegg 3 - Boblediagram m/arealdisponering eksist. bygg
- 4 Vedlegg 4 - Arealdisponeringsskisse eksist. bygg
- 5 Vedlegg 5 - Utrekning nettoareal ombygging

## Fylkesrådmannen, 16.01.2014

### 1. Bakgrunn

I samband med handsaming av Skolebruksplan 2012-2025, Del 1; Skolestruktur på Voss og i delar av Bergen vedtok fylkestinget i møte 11.12.12 at fagtilboda på Nye Voss gymnas skal samlokaliseras på Skulehaugen.

Design og handverk (DH), Helse og oppvekstfag (HO), Idrettsfag (ID), Musikk, dans og drama (MD), Service og samferdsel (SS), Studiespesialisering (ST) og Studiespesialisering med formgivingsfag (ST-FO) vert plassert på Nye Voss gymnas. Media og kommunikasjon (MK) vert eit programfag på Vg2 studiespesialiserande ved gymnaset.

I tillegg vert påbyggingskurs til generell studiekompetanse (PÅ) og innføringskurs for minoritetsspråklege plassert på Nye Voss gymnas. Skulen skal og være sentralt VO-senter for regionen med ansvar for 120 elevar der 30 av disse vert lokalisert ved denne skolen.

Fylkestinget vedtok følgjande i møte 12.03.13 for Del 2 av skolebruksplanen for dei vidaregåande skulane på Voss:

« Fagtilbod og dimensjonering på Nye Voss gymnas vert som vedteke i sak 72/12, men innføringskurs for minoritetsspråklege vert dimensjonert ned til 20 elevar, då tilboda og vert oppretthaldne i Kvam og Odda. Skulen vert utbygd og rehabilitert som planlagt.»

Linjevalet og elevtal ved den nye skulen vert etter dette:

UTDANNINGSPROGRAM	NIVÅ	Programområder	Elever	Grupper
Design og handverk DH	VG1	Design og handverk	15	1
	VG2	Frisør	15	1
Helse og oppvekst HO	VG1	Helse- og oppvekstfag	30	2
	VG2	Barne- og ungdomsarbeidarfag	15	1
	VG2	Helsearbeidarfag	15	1
Idrettsfag ID	VG1	Idrettsfag	45	3
	VG2	Idrettsfag	45	3
	VG3	Idrettsfag	45	3
Musikk/dans/drama MDD	VG3	Musikk/dans/drama	15	1
	VG3	Musikk	15	1
	VG3	Musikk	15	1
Service og samferdsel SS	VG1	Service og samferdsel	15	1
	VG2	Reiseliv	15	1
Studiespesialiserande ST	VG1	Studiespesialiserande	60	2
	VG2	Studiespesialiserande	60	2
	VG3	Studiespesialiserande	60	2
Studiespesialiserande med formgiving ST-FO	VG1	Studiespesialiserande med formgiving	15	1
	VG2	Studiespes. med formgiving	15	1
	VG3	Studiespes. Med formgiving	15	1
Påbygging PÅ	VG3	Påbygg	45	2
Minoritetsspråklege MIN.SPR.		Innføringskurs for minoritetsspråklige	20	1
<b>Total sum (ekskl. VO)</b>			<b>590</b>	<b>32</b>

Linjevalet og elevtal for VO ved den nye skulen vert etter dette:

UTDANNINGSPROGRAM	NIVÅ	Programområder	Elever	Grupper
VO	VG1-3	Bygg og anleggsteknikk (BA)	15	1
	VG1-3	Helse- og oppvekstfag (HO)	60	2
	VG1-3	Naturbruk (NA)	15	1
	VG1-3	Studiespesialiserande	30	1
<b>Total sum (VO)</b>			<b>120</b>	<b>5</b>

Elevtalet på VO er elevar organisert under det sentrale VO-senteret for regionen. 30 av disse elevane vil få undervisninga si ved Nye Voss Gymnas. Elevene kan i praksis delta på kurs som vert arrangert på dei andre skolene i regionen.

## 2. Areal

I samband med utbygginga ved skolen vil det i tillegg til nybygging vere behov for å ruste opp det gamle hovudbygget ved skulen (frå 1918).

Dette bygget har stor verneverdi (det første landsgymnaset i landet og truleg den einaste større monumentale jugendbygning på Voss), og har særskilde kvaliteter som bør ivaretakast. Det gjeld festsal, fellesområde, eksteriør og originale dører og vindauge. Det vil vere aktuelt å tilbakeføre ein del vindauge til orginalt utsjåande.

Vidare vil det vere behov for å rive ein del av dei eksisterande bygga (gymsal/spesialromsfløy og kantinebygg frå 1968/69) for å gje plass til eit nytt og funksjonelt skolebygg.

Av programmert areal opererer ein med følgjande kategoriar bruttoareal (BTA):

- Eksisterande bygg – ombygging 3.400 m<sup>2</sup> (BTA)
- Nybygg 11.732 m<sup>2</sup> (BTA)

Areal for ombygging i det gamle hovudbygget er primært generelle undervisningsareal/fellesfunksjonar og tekniske rom/driftsfunksjonar.

Samla programmert bruttoareal er 15.132 m<sup>2</sup>.

Sjå arealskjema i vedlegg for meir detaljert informasjon.

Sidan ein del av eksisterande bygg må rivast for å få plass til nybygg må drifta av skolen i byggetida sikrast ved at det gamle hovudbygget er i bruk i heile byggetida og med avlastning ved dei andre skulane i Voss-området (Voss Husflidskule, Rogne vgs, Voss vgs avd. Vatile og idrettshallen ved Nye Voss vgs når den står ferdig hausten 2015).

Det vil truleg i tillegg verte behov for ein mindre mellombels skole (modulbygg) på Skulehaugen for å dekkje arealbehov til administrasjon, leing, spesialromsfacilitetar etc. i byggetida.

Det gamle hovudbygget tenkjast i ferdig prosjekt primært nytta til generelle undervisningslokale for studiespesialiserande (ST), påbygging (PÅ), minoritetsspråklige (MIN) og vaksenopplæring (VO).

Bygget må få ei avgrensa ombygging til bruk som er vist i egne arealdisponeringsskisser som er vedlagt.

## 3. Regulering, byggetomt og tilkomst

Før programmeringa starta opp har skuletomta vore gjennom ein lang reguleringsprosess som følgje av plankrav i kommuneplanen for Voss.

Føremålet med reguleringa har vore å utarbeide detaljreguleringsplan som legg til rette for etablering av nytt skolesenter på Skulehaugen gjennom å avklare byggevolum/utnytting, tilkomst køyrande og gåande til skolen, tilkomst bustadeigedomene aust for skuletomta og parkeringstilhøve for skulen.

Detaljreguleringsplanen for skoleområdet på Skulehaugen har sidan planprosessessen starta i 2009 no vore ute til 2.gongs høyring, 3.gongs handsaming og endeleg godkjenning.

Planen vart vedteke av Voss kommune i KST-møte 28.11.13 (KST-Sak 84/13).

I løpet av planprosessen har ein i samarbeid med Voss kommune blitt samde om at køyreadkomsten vert flytta frå dagens tilkomst i sør via Hestavangen til ny køyreadkomst frå nord og via Uttrågata/Lekvemogata slik at ein oppnår ein viss trafikkdifferensiering mellom køyrande og gåande.

Den nye skolen kan ikkje takast i bruk før ny tilkomst og ny løysing av trafikksituasjonen i Uttrågata/Lekvemogata er ferdigstilt (rekkefølgekrav). Ved forseinking kan mellombels løysingar som sikrar trygg trafikkavvikling vurderast og godkjennast av Statens vegvesen og Voss kommune.

Tilkomsten for dei mjuke trafikantane (gåande og syklende) blir som før frå sør, samt frå nord via eigen gangveg/fortau langs ny køyretilkomst..

Bustadeigedomene aust for skuletomta skal bruke den forlenga køyretilkomsten til skulen frå nord.

Bruken av denne tilkomsten skal avgrensast og samstundes tene som driftsveg til det nye skolebygget.

Den nye idrettshallen til skolen som truleg blir plassert ned mot Voss Idrettsplass sør på skuletomta, vil samstundes få ein driftstilkomst frå sør via offentleg køyreveg fram til den kommunale idrettsplassen.

Skolen vil få maksimum 50 parkeringsplasser som kan være bakkeparkering på eige tomt. Øvrig parkering, om lag 80 plasser, skal dekkjast i fellesanlegg (parkeringshus el. liknande) utanom planområdet.

Voss kommunestyre har innført vedtekt til § 69, pkt. 4 i plan- og bygningslova:

*"Bygningsrådet kan samtykkje i at det i staden for parkeringsplassar på eigen grunn eller fellesareal, vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass til kommunen for bygging av parkeringsanlegg."*

Midlane som vert innbetalte under denne frikjøpsordninga skal disponerast av Voss Parkeringselskap A/S. Satsen for frikjøp er pr. i dag sett til kr 130.000,- pr. plass.

Voss Parkering AS er i gang med å førebu utbygging av eit større offentleg parkeringsanlegg (300 pl.) under skoleplassen til Vangen skule rett nord for Skulehaugen.

Tilkomsten til dette parkeringsanlegget vil være frå den nye køyretilkomsten til Skulehaugen og det er inngått ein intensjonsavtale mellom Hordaland fylkeskommune, Voss Parkering AS og Vossabygg AS om plassering og utforming av denne vegen slik at den blir tenleg for alle brukarane. Vossbygg AS er ein næringsseigedom og nabo til skuletomta i nord og vil og bruke del av den nye tilkomstvegen til Skulehaugen.

#### **4. Økonomi**

I økonomiplanen for 2014 til 2017 er det sett av 430 mill. til dette prosjektet.

#### **5. Framdrift**

Utbygginga på Skulehaugen skal skje i eitt byggetrinn med nybygg sør og aust for det gamle hovudbygget. Som del av byggarbeida må det etablerast ny kjørbar tilkomst til Skulehaugen frå nord som i tillegg til hovudkøyretilkomst for skolen og skal vere tilkomst til dei to eksisterande bustadene aust for skoletomta.

Det vert invitert til pris- og designkonkurranse der totalentreprenør med sine arkitektar og rådgjevarar skal innarbeide løysingsforslag med tilhøyrande pris. På dette grunnlaget vert det kåra ein vinnar. Før endeleg totalentreprenørkontrakt vert prosjektet gjennomgått og forbeta i samspel med brukarane.

Det er tenkt byggestart hausten 2015, og heile utbygginga skal være ferdig innan 2017/2018.

Dette vert klarlagt gjennom konkurransen.

Forprosjekt med planar, endeleg kostnadsramme og framdrift skal handsamast i fylkestinget våren 2015.